

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

**22/9940**Dato: **08.12.2022**Saksnr.: **2022/68610**Dok.nr.: **2**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 148 bnr 29 - riving og oppføring av  
einebustad – søknad – fråsegn vedrørende kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad riving av gammel - og oppføring av ny -  
einebustad på gnr 148 bnr 29 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som  
sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje  
sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda  
kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens  
§ 4.

Det er registrert eitt kulturminne med ID 4893 (to økser av Sigersvoll type) noko  
sørvest for omsøkt tiltak, men dette er eit lausfunn og er ikkje freda i medhald  
av Kulturminnelova.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til søknaden og til eventuelt vidare  
omsøkte fysiske tiltak.

Fylkesdirektøren vil avslutningsvis understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er  
kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved  
gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt  
arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare  
dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
rådgjevar

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på  
brevet.*